

Landsstyremøte 3. - 5. mars 2017

Torggata 1, Oslo

Referat

- Til stades:** Øyvind Kind Robertsen, Thomas d'Maar Wessel, Cathrine Michelle Hansen Lindgård, Karianne Fremo Sveistrup, Petter Holstad, Mari Longva Haram, Anniken Nalum Sølyst, Marie Jahren Fludal (1. vara), Stig Johan Berggren (2. vara), Christina Babington (3. vara)
- Gjester:** Gjertrud Fludal (aktivitetssekretær), Beate Torkildsbyen (prosjektleder), Magnus Jahren Fludal (Haugaland), Benjamin Selstø (Hordaland krets), Julian Vikøyri (Bergen-Sotra), Åge Andre Kalvik (Sarpsborg), Jenny Ulla (Sunnmøre), Sarah F. Jul-Rasmussen (Nordhordland), Marthe Elise Selstø (Tønsberg), Selma Stokholm (Trondheim), Iselin Halvorsen (Grenland), Kaja Mæsel Wadkin (Sjøstrand)
- Forfall:** Mikkel Keilhau (Motiv), Kjetil Vesteraas (daglig leder)

LS 21/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling vart sendt ut 11. februar 2017, ein dag før seint. Sakslista vart sendt ut 24. februar, i tråd med forretningsordenen.

Saker lagt til etter at sakslista vart sendt ut:

- LS 35/17 Høyring om Forut sitt strategidokument
- LS 36/17 Innspel til Forut sin arbeidsplan

Vedtak: Innkalling og saksliste med tillagt eventuelt-sak godkjent.

LS 22/17 Referatsaker

a) Referat

1. Referat frå styremøte 13.–15. januar 2017, Oslo
2. E-postsak LS 20/17 Godkjenning av nye vedtekter, Larvik Juvente

Vedtak: Referata vert godkjende.

b) Sidan sist

Styret tek ein runde på kva dei har gjort sidan førre møte.

- Thomas:** Har ikkje vore på styremøte i Juba pga. eksamen. Jobba litt opp mot Hordaland (som planlegg årsmøte). Laga vernebuingsplan saman med Øyvind og Cathrine. Laga lokallagrolleansvarsoversynsdokument. Vore på Juventeskolen.
- Petter:** Vore på årsmøte i Larvik Juvente. NGR-seminar på danskebåten. Jobba med Nordgu-ting. Vore på Juventeskolen.
- Anniken:** Vore på skihelg med Enestående familier. Enda i sjukdom, men gjekk greitt.
- Marie:** DNT-styremøte. Juventeskolen. UNF-kurs. Bodbringar mellom UNF og Juvente.
- Karianne:** Juventeskolen. Planlagt årsmøte for Trondheim.
- Stig:** Juventeskolen kor han heldt linje saman med Øyvind. Minna på aktivitetsoversikt. Pakka på kontoret. Kolon-skolering.
- Mari:** Juventeskolen. Planlagt årsmøte for Sunnmøre.
- Christina:** Kolon. Juventeskolen, heldt linje med Karianne. Arrangert litt med Sjøstrand. Mast på medlemmar om å komme på arrangement.
- Cathrine:** Møte med Øyvind og Thomas om vernebuingsplan. Juventeskolen (IOGT-møte same helg som ho gjekk glipp av pga. JS). Snartur innom Kolon.

Aktivitetssekretær: Jobba på kontoret. Vore på JS.

Vedtak: Teke til orientering.

c) Nytt frå andre organisasjonar

Dei som representerer Juvente i andre organisasjonar, orienterer dersom det er noko å melde frå desse.

Forut (Øyvind): Årsmøte 9. mai. Held på med strategi for Forut fram til 2030. Oljefondkampanjen oppe og går. Prosjektleiar Iselin reiser til Sri Lanka kommande veke for å møte partnarane til Forut der.

DNT – Edru Livsstil (Marie): LS-møte førre helg. Samarbeid. Namneendring.

IOGT (Cathrine): Diskuterer framleis namneendring frå IOGT til Klar. Snakkar om Forut. Skal òg ha landsmøte andre helga i juni på Åsane.

Juba (Thomas): Styrer med mykje av det same som oss. Vervestrategiar. Landsmøte på Haraldsheim i september. Aktivitetsleir i Trøndelag før Juvente sin. Diskuterer nye nettsider. Juba klarte 700-grensa så vidt.

Actis (Gjertrud): Actis skal framleis leige i Torggata når kontrakten går ut neste år. Har gjort undersøking om førebygging i skulen.

Øyvind opplyser om at Active skal ha sommarleir same veke som oss og forbyr alle å dra dit.

Vedtak: Teke til orientering.

d) Rapport frå leiar

Øyvind utdjupar rapporten sin.

Forslag frå Marie: Send landsmøteinvitasjon til UNF!

Vedtak: Teke til orientering med merknad frå Marie.

e) Rapport frå dagleg leiar

Ingen rapport kom oss i hende i tide, så Øyvind orienterer munnleg om ståa. Dagleg leiar er delvis sjukemeldt, noko som har ført til ein del ekstra arbeid på Øyvind. Det går bra enn så lenge, men over tid bør ein vurdere å erstatte den tapte arbeidskrafta på annan måte.

Vedtak: Teke til orientering.

f) Rapport frå prosjekta

Prosjektleiar Beate fortel om seg sjølv og kva ho jobbar med. Ho opplyser om boksedumpaksjon 12. juni (Sondre sin idé) og «aksjonshelg» 9.–11. juni og om at alle må sjå til å vere med på det.

Praktisk komité for denne aksjonen: Iselin, Lasse, Benjamin, Åge, Sara.

Øyvind tok ein munnleg gjennomgang av rapportane. Han oppfordrar alle til å delta på Mytekuserne.

Skryt til dei som arbeider med prosjekta.

Vedtak: Teke til orientering.

LS 23/17 Medlemstal- og organisasjonsrapport

Gjertrud utdjupar rapporten sin.

- Stor samanheng mellom gyldig adresse og betalt kontingent.
- I år har vi meldt ut folk som ikkje har betalt kontingensten sin, derfor er talet på medlemmar lågare enn før.
- 16 nye medlemmar verva.
- Ullevål kan ta til seg at enkelte saknar aktivitet for vaksne.

Vedtak: Teke til orientering.

LS 24/17 P-SAK Oppfølging av lokallag

Styret tek ein runde på oppfølginga av lokallaga sine. Representantane for dei enkelte lokallaga får òg fortelje om kva som skjer i deira lokallag.

Årsmøte:

- Trondheim 24.–26. mars: Thomas drar dit.
- Sunnmøre 17.–19. mars: Cathrine og Øyvind drar dit.
- Hordaland 17.–19. mars: Thomas, Karianne (vara Stig) og Marie drar dit.

Vedtak:

1. *Teke til orientering.*
2. *Thomas drar til årsmøtet til Trondheim. Thomas, Karianne (med Stig som vara) og Marie drar til årsmøta til Hordaland, Nordhordland og Bergen-Sotra. Cathrine og Øyvind drar til årsmøtet til Sunnmøre.*
3. *Lage budsjettmal i tråd med rekneskapsmalen, samt lage malar for aktivitetsplanlegging, referat og møteinkalling. Ansvarsfordeling:*
 - Aktivitetsplanlegging: Karianne og Christina
 - Budsjett: Thomas
 - Referat: Petter
 - Frist: 27. mars 2017.
4. *Til neste møte skal følgande vere i fokus i kontakten med lokallaga: Oppfordre til å ha årsmøte. Vaffeldagen 25. mars.*

LS 25/17 Sprint

Styremøtet 13.–15. januar vedtok å legge Sprint til juni, juli og august, men kva det skal fyllast med, er ikkje vedteke. Det er vedteke at saka skal takast opp saman med lokallagsrepresentantane, og at desse skal få gje sine innspel til korleis dei ønsker at Sprint skal vere.

Cathrine forklarer forsamlinga at Sprint er ein lokallagskonkurranse om aktivitet.

Lokallaga ønsker å ha Sprint. Det er ein motivasjon.

Vi diskuterer kva premien kan vere. Frå lokallagsrepresentantane:

- Forslag: prosjektor, Juvente-banner, Sprint-merke på lokallaget si side på nettsidene, hytteisolasjon, dusjkabinett, nye bad, filmpakke, standbord med logo, profileringspakke, masse luftmadrasser, chillaxar.

Cathrine foreslår at alle lag konkurrerer saman, men at det blir éin premie for aktivitet og éin premie for medlemsvekst (i andel, ikkje antal). Det blir diskutert om dette vil verke motiverande for alle.

Vedtak:

1. Premien blir valet mellom 1) standpakke (standbord, rollup og chillax) og 2) filmpakke (prosjektor, høgtalarar og chillax).
2. Éin premie til laget med mest aktivitet og éin premie til laget med størst prosentvis medlemsvekst. Samrøystes vedteke.
3. Ei Sprint-gruppe består av Cathrine og Stig med teknisk hjelp frå Øyvind.

LS 26/17 Landsmøteførebuingar

Det er framleis ei stund til landsmøtet, men somme saker bør vi ta til med allereie nå. Den største saka på årets landsmøte er arbeidsplan for 2017–2019. I tillegg bør vi særleg starte arbeidet med å finne møteleiarar nå, for å få desse klare før alle ferieplanar er lagt.

Vedtak:

1. Petter, Marie, Mari og Karianne utgjer arbeidsgruppe for arbeidsplanen for 2017–2019. Dei presenterer utkast på pinsemøtet, samt orienterer om framdrift på aprilmøtet.
2. Forslag til vedtektsendring: «landsstyre» → «senstralstyre»
3. Ida er bekrefta til å vere møteleiar, og Øyvind kontaktar andre aktuelle personar.
4. Vi vurderer å finne referent utanfor delegatlista, t.d. frå administrasjonen for å sikre at det blir skrive ordentleg.

LS 27/17 Årsmelding 2016

Vi må utarbeide ei årsmelding for 2016 innan 1. april. Tidlegare har de ulike delane vortne fordelt mellom styremedlemmane, som da har skrive kvar sin del. Følgande kapittel er til fordeling:

- Innleiing (forord frå leiar): Øyvind
- Aktivitet, medlemmar og lokallag: Cathrine
- Politikk og mediearbeid: Thomas
- Styre og leiing: Øyvind
- Prosjekt: Christina
- Skolering: Stig
- Internasjonalt arbeid: Marie
- Økonomi: Petter
- Administrasjon: Petter

Vedtak:

1. Dei som har fått tildelt oppgåver, skriv sine kapittel. Frist: 20. mars.
2. Øyvind sender ut fjorårets årsmelding på e-post.
3. Øyvind samlar saman delane og set dei saman til ei heilskapleg årsmelding.

LS 28/17 Markering av 25-årsjubileum

Juvente fyller 25 år i år, 1.–2. juli. Det bør markerast!

Feiring på sommarleiren med KAKE.

Kven skal vi invitere til feiringa 1.–2. juli?

Vedtak:

1. *Feiringa blir på Gon 1.–2. juli, eventuelt Kirkevik. Anniken tar kontakt med Gon. Vi inviterer alle som har vore tilsette og som har sete i forbundsstyret/landsstyret.*
2. *Festplanleggingskomité: Anniken, Cathrine, Mari og Karianne. Øyvind er ansvarleg for å innhente kontaktinformasjon.*

LS 29/17 Orientering om Nordgu

Petter orienterer om framgangen i interimstyret til Nordgu.

Han forklarer først kva Nordgu er, korleis det står til med organisasjonen (lite aktivitet, konkurs) og om interimstyret. Siktat på å ha kongress saman med Juba sitt landsmøte i september. Der skal interimstyret diskutere avvikling av Nordgu. Deretter kan vi eventuelt søke om medlemsskap til NGR.

Vedtak: *Teke til orientering.*

LS 30/17 Status medlemstalsstrategi

Styret tek, saman med lokallagsrepresentantane, ein statussjekk på medlemstalsstrategien som vart vedteken på januarårsmøtet, samt fordeler vidare oppgåver for å følge opp strategien. Målet er 1000 medlemmar i 2017.

Forslag frå forsamlinga til korleis vi kan auke medlemstalet:

- Iselin: Vi kan pushe medlemmar som ikkje har betalt, til å betale. Få venner som vi veit at ikkje drikk, til å melde seg inn.
- Jenny: Forbetre foreldreinformasjon.
- Selma: Mase ekstra på vennene våre.
- Kaja: Vite meir konkret kva ein skal seie og ikkje seie på stand.
- Marie: Lage vervegruppe som reiser rundt i landet og veverar nye lag.
- Anniken: Satse på Facebook, betale for annonseplasseringar.
- Karianne: Lokallaga kan arrangere aktivitet og stand.
- Stig: Vaffeldagen.
- Jenny: Ballongar med Juvente-logo.
- Benjamin: 17. mai-verving.

Vedtak:

1. *Vi tar innspela til orientering. Alle lar seg inspirere og motivere av forslaga.*

2. *Vi undersøker med administrasjonen om økonomi til vervegruppeideen.*
3. *Vi undersøker (heliums)ballongar som profileringssartikkelen.*

LS 31/17 Vernebuingsplan

Det har vorte utarbeidd eit endeleg utkast til vernebuingsplan (vedlagt).

Vi går gjennom planen og redigerer dokumentet fortløpande.

Vedtak:

1. *Vernebuingsplanen vert samrøystes vedteken som heilskap med dei endringane vi utførte underveis.*
2. *Planen skal trykkast opp og vert sendt ut til alle lokallag og Juvente-eigedommar der det jamleg går føre seg aktivitet.*

LS 32/17 Evaluering av Juventeskolen

Juventeskolen er ferdig. Vi tek ein gjennomgang av evalueringar og eigne tankar om korleis arrangementet gjekk.

Vedtak:

1. *Vi undersøker om det er mogleg å gjere Ellingsrud skole meir bealueleg for arrangement, og vi sjekkar ut alternative skular.*
2. *Det var uryddig på kjøkkenet, så betre rutinar for reingjering på kjøkkenet må til. Tommel opp for at folk var med på kjøkkenet utan at det stod i PK-programmet.*
3. *Juvente sitt kjøkkenutstyr må merkast, og det må vere klart kva for utstyr vi kan bruke og kva vi ikkje skal bruke. Alt nødvendig utstyr på kjøpast inn.*
4. *Til neste PK-program: ryddeansvar, t.d. etter måltider. Meir detaljert PK-program.*

LS 33/17 Alkoholnormen – status og framdrift

Førre møte sette vi ned ei arbeidsgruppe for ein ny kampanje om alkoholnormen.

Minimal framgang.

Vedtak: Gruppa held eit møte.

LS 34/17 Retningslinjer for Frifond

Forklaring til forslag frå Gjertrud:

«Her er utkastet til nye retningslinjer for Frifond i Juvente

I tillegg legger jeg ved linker til...

- Frifond organisasjons retningslinjer: <http://www.lnu.no/wp-content/uploads/2016/12/frifond-organisasjon-2017.pdf>
- den nyeste versjonen av de gamle retningslinjene jeg klarer å finne, men jeg mistenker at det er en nyere versjon et sted siden jeg var med på å vedta endringer i LS etter april 2014: <http://juvente.no/wp-content/uploads/2013/10/Retningslinjer-Frifond.pdf>
- for de som har lyst til å sette seg inn hva vi har å forholde oss til. (de som har lest Press sine retningslinjer klarer også å se at det var disse jeg tok utgangspunkt i <http://press.no/file/retningslinjer-for-frifond-vedtatt-60925.pdf>)

Det som står i rødt er frister og summer dere kan velge å endre. De fleste fristene jeg/Juvente tidligere har satt er basert på at vi vil ha informasjonen i litt god tid før LNU krever dette av oss. Under har jeg skrevet hva Frifonds egne krav til oss er sammenlignet med hva vi har satt, og andre ting dere kan endre (dere kan selvfølgelig endre en del mer også, slik som for eksempel hvilke prioriteringer man har i søknadsvurderingen og hva slags aktiviteter man kan søke penger om, dette er i stor grad basert på Juventes tidligere retningslinjer)

Jeg har konsekvent bruk ordet "lag" i stedet for lokallag. Dette er for å inkludere aktivitetslag og kretslag (kretser som ikke har under-lokallag) og disse er aktuelle for å søke Frifond. arbeidsutvalg: dere kan også velge at det er landsstyret som på neste styremøte etter mottatt søknad som behandler søknader to uker: hvor raskt vi skal behandle søknader står det ingenting om i frifonds egne retningslinjer 20. desember: vår reelle frist er 31. desember, men siden det står i grunnavtalen til ansatte at de har julehelga/uka fri, kan det være greit å ha en tidligere frist. 25 000 kr: Hvor mye kroner makssummen skal være på bestemmer dere. 30. april: Tidligere frist innad har vært 25. april, som nok kommer av at fristen vart bestemt i 2014 når 25. april var en fredag. Frifond egen frist er 30. juni. Det er greit å ha samme frist for rapportering og oppbruking av midler.

Til orientering. Dette sier retningslinjene til Frifond organisasjon at vi må ha med i retningslinjene våre:

§ 10.10 Alle mottakerorganisasjoner skal ha vedtatt egne retningslinjer for bruk og fordeling av Frifond-midlene mellom lokallag. Retningslinjene må være vedtatt av et demokratisk organ og gjøres tilgjengelig for hele organisasjonen. Retningslinjene må inneholde følgende informasjon:

- når og av hvem retningslinjene er vedtatt
- hvor stor andel av tilskuddet sentralleddet beholder til administrasjon
- fristen for utbetaling av midler fra sentralleddet til lokallagene
- fristen for når lokallagene må bruke opp midlene
- beskrivelse av hvordan mottakerorganisasjonen fordeler midlene mellom sine lokallag, inkludert fordelingsnøkkelen dersom organisasjonen tildeler driftsmidler
- beskrivelse av klagerutinene dersom organisasjonen tildeler prosjektmidler
- beskrivelse av hvilke rutiner og kontrollhandlinger sentralleddet har som sikrer at lokallagene bruker midlene i henhold til LNUs retningslinjer.
Kontrollhandlingene skal sannsynliggjøre ovenfor LNU at bruken av midlene har vært i tråd med formålet og LNUs retningslinjer.

Organisasjonenes retningslinjer kan også gi andre bestemmelser for lokallagenes bruk av Frifond-midler.»

Vedtak:

1. § 3: *Eit utval beståande av styreleiar, nestleiar, aktivitetssekretær og dagleg leiar handsamar søknader som kjem inn kontinuerleg. Beslutning om tildeling kan bli fatta ved 3/4 fleirtal.*
2. § 10: *Landsstyret handsamar klagesaker ved neste ordinære landsstyremøte.*
3. § 4: *Endre på ordval i siste linje: frå «første» til «forrige».*
4. § 13: *Den tildelte summen skal òg presenterast.*
5. *Øyvind og aktivitetssekretær får fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar.*
6. *Retningslinjene vert vedtekne med endringane vi la til.*

LS 35/17 Høyring om Foruts strategidokument

Forut har sendt utkast til strategidokument på høyring i eigarorganisasjonane. Vedlagt ligg eit utkast til høyringssvar.

Vedtak: *Høyringssvaret med endringar vert vedteke og oversendt FORUT.*

LS 36/17 Innspel til Forut sin arbeidsplan

På årsmøtet i mai skal Forut vedta arbeidsplan for det neste året. Ein bok av arbeidsplanen er sett av til eigarorganisasjonane, som her leverer ei liste over korleis dei skal bidra til Forut sitt arbeid, samt korleis dei legg opp til samarbeid det kommande året.

Vedtak: *Følgande vert sendt inn som Juvente sin del i Forut sin arbeidsplan:*

«Juventes innspill til kap. 3.10

- *Forut skal være Juventes viktigste samarbeidspartner i arbeidet med internasjonal solidaritet og utvikling*
- *Juvente skal aktivt bidra til Foruts arbeid gjennom informasjons- og innsamlingsaksjoner*
- *Juvente skal bistå Foruts partnerorganisasjoner i skolering og gjennomføring av ølkjøpskontroller basert på Juventes prosjekt Skjenkekontrollen*
- *Juvente skal sette fokus på de problemene rusmidler fører til i utviklingsland, særlig med tanke på alkoholreklame rettet mot unge*
- *Juvente skal være en aktiv samarbeidspartner i Oljefondet ut av alkoholindustrien*
- *Alle Juventes medlemmer skal kjenne til Foruts arbeid*
- *Juventes medlemmer skal gjennom skoleringer og informasjonsarbeid få kjennskap til Foruts arbeid og hvilke muligheter de selv har til å engasjere seg direkte i Foruts prosjekter*
- *Juvente skal dele informasjon om Forut i medlemsbladet Motiv, på Juventes nettsider og i sosiale medier*
- *Det skal være mulig å bytte inn Juventebørspoeng i gave til Forut eller produkter fra Foruts nettbutikk»*

LS 37/17 Eventuelt**a) Forut-årsmøte**

Forut har årsmøte tysdag 9. mai. Juvente har fem delegatar, pluss Øyvind som sit i styret.

Vedtak:

1. *Stig, Thomas og Cathrine deltar. Petter deltar kanskje.*
2. *Øyvind får ansvar for å spørje Maria Aspen, Christine Hilsen og Oda Siggerud om dei vil delta.*

b) UNF-verving

Vedtak: Marie drar til Sverige for å vere med på (skule)verving i UNF.

c) Desucon-stand (23.–25. juni)

Pris på standplass varierer etter storleik. Vi må avgjere kor mykje vi skal legge i standen.

Vedtak: Vi tingar 2·2-stand (ca. 8 000 kr + moms). Stig er ansvarleg på Desucon-standen.

Referent: Marie Jahren Fludal